

LAUVRUSTSTUGU



Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Folket som til slutt vart buande her kom frå Soksen i Heidal. Til å begynne med budde dei på Lauvrusten som da høyrde under Bolstad. Men etter ei tid kom dei i vanskar med eigarom og måtte reise frå der. Da familien måtte fårå frå Lauvrusten reiste dei åt Romsdale og budde der i mange år. Frå denne tida veit ein svært lite. Etter at dei kom att frå Romsdale heldt dei til i Nerlien ei tid, og måtte så til slutt også ut der. Dei fekk da busetja seg på ein stad i Nerliutmarken som seinare vart kalla Lauvruststugu. Fyrste året budde dei her ti ei hytte som vart reist innåt ein stor stein, byggjematerialane var grovt trefang og torv. Seinare vart det bygt ei bra timbrastugu som var i bruk til staden vart fråflytt.

Ole Olsen (1835) og kona Rønnaug (1830) og borna deira: Paal (1858), Hanna (1860), Anders (1862), Knut (1865), Torline (1867) og Olea (truleg f. 1870) budde her den fyrste tida.

Av sønene reiste Knut og Paal til Amerika, og det vart spurd at dei kom seg bra til der over. Son hans Paal, Morgan Olsen, var for ei tid sidan på vitjing her saman med fylgje. Han var professor i eit eller anna der burte.

Olea og far hennar heldt til i Lauvruststugun til 1920. I 1907 vart bruket lagt til garden Brenna. Eigar nå er Trygve Brenden.